

**Telemark Bilruter**

**Telemark Bilruter AS**

Postboks 34, 3835 Seljord

Telefon: 35 06 54 00

Telefax: 35 06 54 01

E-post: [post@telemarkbil.no](mailto:post@telemarkbil.no)

Internett: [www.telemarkbil.no](http://www.telemarkbil.no)

Bankkonto: 2711 05 02600

Org.nr. 924 099 658 MVA

14 AUG 2017

17/11919

Telemark Fylkeskommune  
Avdeling for areal og transport  
Postboks 2844  
3702 Skien

**Sak: Haukeliekspressen – søknad om oppattning av ruteløypet Oslo – Bergen**

Telemark Bilruter AS og Tide Buss AS søker med dette om oppattning av ekspressbussløypet på strekninga Bergen – Odda – Haukeligrend – Oslo som går ut 12.9.2017.

Behovet for ein rask og rimeleg reisemåte mellom Vestlandet/Hardanger og Telemark/Austlandet har heilt frå starten vore grunnlaget for ekspressbussruta Haukeliekspressen. Alt frå andre verdskrig var det etablert samarbeide mellom då Vest-Telemark Billag og HSD Bilane om transporttilbod over Hasukelifjell. Lenge bestod traseen for ruta mellom Odda og Bø med båt frå Bergen til Odda og tog frå Bø til Oslo.

I 1987 fekk ruta navnet Haukeliekspressen og starten på ruta på Vestlandet vart forlenga til Haugesund. I 1988 vart ruta forlenga inn til Oslo på Austlandet og så i 1991 blir armen mellom Seljestad/Odda – Bergen ein del av Haukeliekspressen. I 2008 overtok Skyss ansvaret for køyringa mellom Seljestad og Bergen då det var bestemt at denne strekninga skulle bli ein del av anbodspakka i indre Hardanger. I denne perioden og til dags dato har vi på Haukeliekspressen mellom Haugesund og Oslo hatt eit drift-/rute- og takstsamarbeid med Skyss sin rute 930 mellom Seljestad – Odda – Bergen.

I Same perioden har vi nytta dette ekspressbussløypet i forbindelse med supplering og direktekjøring når det er naudsynt grunna stor trafikk mellom Austlandet og Odda – Bergen slik at publikum slepp atter ei ny omstigning i Seljestad eller Odda (Jol, påske, pinse, vinterferie, haustferie og om sommaren). Vi ser det slik at når E-134 vert ferdig ombygd i Kongsbergregionen samstundes med at tunellen gjennom Mælefjell i Telemark vert ferdig i 2019 vil reiserutetida ytterlegare bli redusert med ein ½ time. Dette vil gje oss moleghetar til å endre logistikken på konseptet til det beste for dei reisande. Samstundes må det også nemnas at det har vore ein kontinuerleg dialog dei siste 10 åra mellom Tide Buss og Skyss gjeldande strekninga Seljestad – Bergen som vi meiner er viktig at atter står fram som eit heilskapleg produkt som vi kan og bør tilby våre reisande på Haukeliekspressen over ei så lang strekning.

Haukeliekspressen har per i dag tre avgangar Haugesund – Oslo med korrespondanse Seljestad – Bergen måndag til fredag, ein avgang laurdag og tre avgangar på sundag. Ruta inngår i marknadssamarbeidet i Nor-Way Bussekspress og har korrespondanse med Kystbussen (Tide/Borial) mellom Bergen og Stavanger, AKT's rute 170 (Setesdalsekspressen) mellom Haukeli og Kristiansand og TBR's ekspressrute Telemarkekspressen mellom Seljord – Grenland – Torp – Tønsberg. Vi har også merka oss at Skyss i periodar har kuttet å køyre buss heilt til Bergen på ettermiddagsavgangen frå Oslo kl. 13:40 og som så stoppar i Arna. Dette er ikkje særers publikumsvenleg i forhold til dei langreisande og for så vidt heller ikkje for andre reisande, då dei må bytte over til tog i Arna for å kome til Bergen.

Med utgangspunkt i dagens rutetilbud vil selskapa kontinuerleg vurdere traseval, rutetilbodet samt logistiske endringar slik at kunden får eit mest mogleg effektivt og prisgunstig reise mellom Austlandet og Vestlandet.

Selskapa søker om fornying av dagens løyve som går ut 12.9.2017 med desse endringar og presiseringar:

1. Vi søker om opne dører på heile strekninga Oslo – Seljord – Haukeli – Odda – Jondal – Norheimsund - Bergen.
2. At løyvet er eit såkalla «opent løyve» utan begrensningar på talet på avgangar, rutetider, takststruktur, takstsoner, rabattar og korrespondansar.
3. Vi søker vidare om at det ikkje vert sett begrensningar på løyvet på konkrete stoppestadar/trasear som ruta skal betene eller ikkje skal betene.

Alle desse tre nevnte punkta ser vi som heilt naudsynt for å kunne lykkast i eit konkurranseutsatt marknad der personbil og flytransport er våre største konkurrentar der marknaden (dei resande) og politikarane (lovar, reglar og samfunnstrendar m.m.) er i kontinuerleg endring.

Vi ber om ei velviljug handtering av søknaden og står gjerne til teneste med meir utfyllande opplysningar dersom det skulle vere ynskelegt.


Seljord/Bergen <sup>10/8</sup>.....2017

Med helsing

Telemark Bilruter AS

  
Svein Olav Straand  
Disponent

Tide Buss AS

  
Roger Hårkestad  
Adm. dir.

#### Vedlegg

- Dagens rutetabell
- Dagens løyve
- Takstar og takstreglar
- Politiattest for dei daglege leiarar
- Faglege kvalifikasjonar for dei daglege leiarar
- Bekreftelse frå Konkursregisteret for Telemark Bilruter og Tide Buss
- Attest for skatt og meirverdiavgift for Telemark Bilruter og Tide Buss
- Firmaattest for Telemark Bilruter og Tide Buss